

Søknad

Søknadsnr.	2017-0242	Søknadsår	2017	Arkivsak
Støtteordning	INU-FSF - Utlysning restmidlar 2017 - kun åpen for inviterte søkarar			
Prosjektnavn	Utvikling og implementering av innovasjonsstrukturen i Sogn og Fjordane			

Kort beskrivelse

Målet med prosjektet er å styrke organisering av innovasjonsstrukturen i Sogn og Fjordane, og samkøyre verktøy for innovasjon og verdiskaping.

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet skal utvikle modell som er i tråd med at ein går frå 3 til 1 programoperatør for næringshageprogrammet i Sogn og Fjordane.

Det skal utviklast og detaljerast modell for organisering, styring og måloppfølging, samt legge fram forslag til rammeverk- og avtalestruktur.

Ein viktig del av prosjektet er sjølve implementeringsprosessen og til slutt ei anbefaling til styre og eigarar i dei respektive næringshagane.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS Org.nr:983562973	Trolladalen 30, Fosshaugane Campus 6856 SOGNDAL	95206574
Kontakt- person	Kjetil Kvåle	Loftesnes 6856 SOGNDAL	95206574
Prosjekt- leder	Kjetil Kvåle	Loftesnes 6856 SOGNDAL	95206574

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

inkubatorprogram (SIVA)

Støtte til inkubasjon (fylkeskommunen)

Nettverks- og klynge tilskudd (IN)

Spesifikasjon

Bakgrunn

Det har over tid vore dialog mellom SIVA og SIVA's innovasjonsselskap i Sogn og Fjordane om man saman skal gjere grep for å få til en meir hensiktsmessig innovasjonsstruktur i Sogn og Fjordane. I oktober 2014 arrangerte SIVA dialogmøte rundt temaet «vidareutvikling av innovasjonsstrukturen i Sogn og Fjordane». I møtet blei miljøa utfordra på å komme med forslag til forenkling av strukturer og koordinering av SIVA sine innovasjonsaktivitetar i fylket (jf. Innspel frå dåverande Innovasjonsdirektør i SIVA, Ola Borten Moe).

Kunnskapsparken blei i etterkant av møtet utfordra til å ta ei koordinerande rolle i nyskappings- og innovasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane. Dette er ei rolle og eit ansvar Kunnskapsparken ønskjer å ta, jamfør vår formålsparagraf. Næringshagemiljøa i Sogn og Fjordane støtter Kunnskapsparken som en naturleg koordinator i arbeidet med innovasjonsstrukturen.

Kunnskapsparken har vore delaktiv i etableringa av fleire innovasjonsmiljø (Fram Flora, Stryn Næringshage, Inkubator Vest i Stryn, Sogn Nærings, Gulen og Masfjorden Næringshage og Sognefjorden Næringshage, TechHub Stryn, Kaupus m.fl.) og ønskjer no også å bidra til å bygge opp ein endå sterkare og samstemt innovasjonsstruktur i fylket. Kunnskapsparken sine vedtekter § 3 stadfester at Kunnskapsparken gjennom dei nasjonale SIVA programma skal fungere som et nav i det lokale nettverket i fylket.

SIVA er i dag eigar i fleire innovasjonsselskap i fylket, der desse kvar for seg er operatør for innovasjonsprogram i form av næringshageprogram eller inkubatorprogram. Desse er;

- Gulen og Masfjorden Næringshage AS: næringshageprogram
- Nordfjordeid Næringshage AS: næringshageprogram, saman med Stryn
- Sognefjorden Næringshage AS: næringshageprogram
- Stryn Næringshage AS: næringshageprogram, saman med Nordfjordeid
- Aksello AS: inkubator
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS: inkubator

Fleire av selskapa har berre ein tilsett som er dedikert til programaktivitet. Det er derfor fare for at aktørane kvar for seg vert små og sårbare. I tillegg uttrykker fleire av aktørane potensiale for å oppnå stordriftsfordelar og betre tenester ved å organisere programaktiviteten på ein meir hensiktsmessig måte.

Prosjekt mål

Målet med prosjektet er å styrke organisering av innovasjonsstrukturen i Sogn og Fjordane, og samkøye verktøy for innovasjon og verdiskaping.

Med prosjektet ønskjer ein mellom anna å sjå på moglegheitene for å oppnå;

- Økt verdiskaping og vekst i Sogn og Fjordane
- Meir effektiv drift og administrasjon

- Betre ressursutnytting
- Meir effektiv målstyring og kvalitetssikring
- Tydeligare strategiske satsingsområde
- Eit breiare og samla tenestetilbod
- Et større nettverk lokalt og regionalt
- Sikre kontinuitet i miljøa og gjere dei mindre sårbare

Forankring

Prosjektet er forankra både på leiar og styrenivå i selskapa som er involvert. I prosjektet skal ein også gjennomføra møter med lokale eigarar av selskapa.

Prosjektorganisering

Kjetil Kvåle (Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane) – leiar av arbeidsgruppa

Harald Husabø (BDO) – ekstern prosessleiar

Knut-Henning Hjellbakk (Stryn Næringshage)

Arild Hjelmeland (Nordfjordeid Næringshage)

Kristine Grønner Ohnstad (Sognefjorden Næringshage)

Veronica Haveland (Gulen og Masfjorden Næringshage)

Randi Torvik (SIVA)

XX (Sogn og Fjordane Fylkeskommune)

Roger Ulvestad (Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane)

Samarbeidspartnere

Dei involverte næringshagane, Fylkeskommunen og SIVA

Aktiviteter

For å kunne implementere og teste ny modell for operatørskapet i næringshagane er det viktig at ein får status som «pilot». Dette betyr at ein ønskjer å testa ut modellen innanfor gitte økonomiske rammer i 3 år for å sjå at det fungerer og gir ønska resultat. Aktivitetar i prosjektet:

- Avklaring SIVA – finansiering via 1 programoperatør (pyramide)
- Forankring i alle innovasjonsselskapa som er programoperatør
- Avklare aktivitetar/oppgåver hjå programoperatør og hjå selskapa
- Utvikle driftsavtaler og mål med selskapa
- Koordinere aktivitet og styrke næringshageprogrammet

- Utvide tilbudet med «node» i Sunnfjord
- Utvikle møteplass («SIVA forum SFJ»)
- Utvikle partnerskaps- og driftsavtalar og samarbeidspunkt (9 punktliste)
- Utvikle samarbeid i innovasjonsstrukturen i SFJ – 1. linjetenesta
- Utvikle samarbeid ut av fylket mot andre SIVA aktørar

Målgrupper

SIVA`s innovasjonsselskap i Sogn og Fjordane

Resultat

- ein vert del av eit større miljø/fellesskap (både node og målbedrifter)
- Større kollegium mellom tilsette i nodane
- Får tilgang til større nettverk, verkemiddel og økosystem (NH og INK)
- Fleire fellesaktivitetar for målbedriftene og nodane
- Nodar kan fokusere meir på målbedrifter og måloppnåelse
- Tilby fleire tenester ut i nedslagsfeltet
- Sterkare og tydeligare «røst» utad
- Få god kommunikasjon med 1. linjeteneste og næringslivet
- Ta ut synergjar mellom næringshagane og inkubatorane – livssyklusen mellom bedriftene

Effekter

- Står sterkare i forhold til felles utviklingsprosjekt
- Sikrar sterkare kontinuitet blant tilsette/organisasjon
- Unngår å bli oppfatta som konkurrentar
- Synlige som miljø

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
AP 1. Prosjekt- og prosessleiing	63 000	127 000				190 000
AP 2. Mobilisering og forankring	112 000					112 000
AP 3. Utvikling av modell	64 000					64 000
AP 4. Val av modell og implementering		488 000				488 000
Sum kostnad	239 000	615 000				854 000

Sjå vedlagt rekneark: Prosjektkostnader og finansiering

Finansieringsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Eigne midlar KPSF	454 000					454 000
INU-FSF - Utlysing restmidlar 2017 - kun åpen for inviterte søkarar	400 000					400 000
Sum finansiering	854 000					854 000

Sjå vedlagt rekneark: Prosjektkostnader og finansiering

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
20170918 Innovasjonsstruktur forankring.pptx	3 216 624	04.10.2017
Budsjett.implementering.pdf	368 308	04.10.2017